



Styringsgruppa for konserten 4. november samla rundt "Vind" til Tone Thiis Evensen, for å markera at dei ynskjer ny vind i segla for kora i distriktet. Dei fire er Lars Henrik Skogtun, Kjell S. Røsland, Elsa Helland og Sveinung Grønstøl. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Leiinga i Husnes blandakor og Røysterett for alle samlar seg rundt skulpturen "Vind" i kulturhuset på Husnes og vonar på ny vind i segla for kora i området. No er det lenge sidan dei store songarstemna si tid. Men 4. november samlast sju kor til stemne.**

Før det skal sjølvsagt Jacob Sande markerast også her. Det skjer 12.-14. oktober og det kjem uskedalen.no attende til. Her skal det handla om november-stemna, som vil omfatta rundt 150 songarar og gå føre seg i Kulturhuset på Husnes. Kvar av kora vil synga fire songar og det tyder at det blir 70 minuttar "effektiv song". Etter konserten vert det songarmiddag og fest for songarane med partnarar.

- Vi må blåsa nytt liv i den gamle tradisjonen for å inspirera kvarandre til å synga betre. Og så må vi syne oss fram og la oss høyra for å auka rekrutteringa. Alle kora manglar menn og yngre folk som kan føre tradisjonane vidare, oppsummerar Lars Henrik Skogtun (leiar Røysterett for alle), Else Helland (leiar Husnes blandakor), Kjell S. Røsland (kasserar Røysterett for alle) og Sveinung Grønstøl (leiar Husnes blandakor). Med andre ord deltek dei fleste vaksenkor i distriktet.

Dette året har til dømes Røysterett for alle 11 menn av tilsaman 37 medlemmer.

- Det er bra, hos oss er det berre fem menn av 25 på ein god dag, kommenterar Grønstøl. Som andre er han redd for at mannskorsangen er døyande.

Dei kora som set kvarandre stemne på Husnes i tillegg til dei to som står som arrangørar er Synjelen frå Mauranger, Rosendal songlag, Sundegutane, Kammerskoret (Herøysund, Husnes og Valen) og Strandvik blandakor (frå Strandvik i Fusa). Gjestekoret frå nabokommunen i nord har medlemmer som kjem herifrå og har bede om å få vera med. Førre konserten vil kora drive med "busksynging" i sentrale delar av Husnes for å skapa blest om konserten og seg sjølve.

Naturleg nok blir det eit fellesnummer av Jacob Sande i høve 100-årsmarkeringa og det blir truleg "Jonsoknatta" sjølv om konserten finn stad i svartaste november. Utifrå dei songane som kora til no har meldt inn, blir det nok meir Sande og ellers både Beatles, ABBA og Bellmann. Kvar ein skild kor har sine favorittar og det tyder variasjon i repertoaret under konserten.

- Burde ikkje konserten ha eit fengjande namn, som kan gå att viss den blir ein tradisjon, spør uskedalen.no styringsgruppa.
- Det er ein god ide, kom berre med forslag, er svaret.

Det var forresten ein forløpar til stemnet den 4. november på den samme helga i fjor – på Handeland gard. Men då var ikkje publikum til stades – songarane song mest for kvarandre. No blir det alvor!

Av Ola Matti Mathisen

Sjå innom sida til Røysterett for alle.  
Følg linken [her](#).